



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dei vidaregåande skolane
Kommunane i Møre og Romsdal
Ungdomspanelet
Eldrerådet
Lærarorganisasjonane
Opplæringskontora
Regionråda
LO
NHO
Rindal kommune
Hornindal kommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2019/2038 - 42648/2019	Geir Løkhaug, 71 28 03 68	08.07.2019

Høringsbrev for skolebruksplanen 2020-2022

Fylkesutdanningssjefen sender med dette forslag til skolebruksplan for 2020-2022 på høring.

Tabell med forslag til skolebruksplanen er vedlagt.

Denne skolebruksplanen gjeld for skoleåra 2020/2021 og 2021/2022.

Grunnen er i hovudsak at skole- og tilbudsstrukturen er under heilskapleg vurdering i det fylkeskommunale prosjekt «Omstilling av organisasjonen mot 2020». Vedtaka som kjem som følgje «Omstilling av organisasjonen mot 2020» kan gje endringar i skole- og tilbudsstrukturen, også for forslaga i denne planen.

Fylkesutdanningssjefen la fram i sak UD 4/19 om ny yrkesfagleg struktur for Utdanningsutvalet i februarmøtet i 2019. Føringane i vedtaket er brukt i utarbeidinga av skolebruksplanen. Endringane som kjem på bakgrunn av dette vedtaket er omtala under den enkelte skole.

Det er likevel lagt inn følgjande endringar i høve vedtaket: Vg1 bygg- og anleggteknikk og Vg2 tømrarfag ved Fræna vgs og Surnadal vgs er teke ut av planen. Bakgrunnen er ei vurdering av søkartala.

I arbeidet med forslaget til skolebruksplanen er det gjennomført møter med alle skolane. Møta er gjennomførte regionvis. Tema for møta har vore utviklinga av elevtal, søkartal, skolebruksplanen 2019-2020 og læreplass-situasjon. Målet for møta har og vore å samordne skolebruksplanen slik at det samla tilbodet blir meir føreseieleg og slik unngår at det er for mange tilbod som ikkje kjem i gang.

Skolane har i etterkant av møta hatt moglegheit til å kome med innspel til forslaget til skolebruksplanen for 2020/2022.

Innspela har vore med i vurderingane ved utarbeidinga av høyringsbrevet.

Hovudvekta i vurderingane er lagt på om tilboda skal vere søkbare eller ikkje, men kapasiteten er og vurdert og lagt inn i forslaget til kvar enkelt skole. Kapasiteten vil ein kunne justere i samråd med skolane når søkjartala ligg føre våren 20.

Høringssvar sendes digitalt til: post@mrfylke.no

Merk svara:

«Namn på avsendar, høringssvar, skolebruksplan 2020-2022, sak 19/2038»

Frist for høringssvar er sett til 16.9.2019.

Grunnlag

Utarbeidinga av forslag til ny skolebruksplan er basert skolebruksplanen for 2019- 2020 og inntaket til skoleåret 2019/2020. Vedtaket i sak UD 4/19 om ny yrkesfagleg struktur er brukt i utarbeidinga av planen.

Det er eit mål at kapasiteten i skolebruksplanen vert sett slik at krava vedtatt i sak Ud-5/14 vert stetta. Saka omhandla kapasitetsutnytting, om nye tilbod og ressursar til særskilte tilbod:

1. Minimum inntakskapasitet vert sett til 65% av vedteke klassekapasitet i skolebruksplanen.
2. For halvklassar innafor yrkesfag som rekrutterer til lærefag vert minimum kapasitet sett til 6 elevplassar.
3. For TAF-tilboda vert minimum kapasitet ved inntaket sett til 10 elevplassar.
4. Nye tilbod skal i vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Ved utarbeidinga av skolebruksplanen er og «Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring» brukt. Vi viser til § 3 i den lokale forskrifta om inntaket i Møre og Romsdal: «Fylkesutdanningssjefen gir tilbod til alle søkjarar med ungdomsrett. Fylkesutdanningssjefen gir så langt råd tilbod til søkjarar med fullføringsrett».

Endring i Opplæringslova gjeldande frå 1.8.17 gir ungdommar ein rett til opplæring ut året dei fyller 24 år. Det gjeld og søkarar frå eit anna land som ikkje får godkjent utdanninga si som studiekompetanse eller yrkeskompetanse i Norge. Det er ikkje tatt omsyn til dette når kapasiteten er sett. Det vil ein gjere ved kapasitetsjusteringane når ein ser søkinga våren 20.

Ysk-tilbodet

Det er ikkje foreslått endringar i desse tilboda.

Halve klassar og marginale tilbod

Å oppretthalde halve klassar, klassar med svak oppfylling og små grupper er kostnadskrevjande. Med ei framtid som truleg gir fylkeskommunen og sektoren økonomiske utfordringar er det viktig at strukturen er føreseieleg og at ein ikkje har tilbod som ein er usikker på om vil kome i gong.

Læreplassar og kapasitet

Det er ei utfordring at det er for få elevar frå Vg2-yrkesfaglege utdanningsprogram som teiknar lærekontrakt. Skal ein oppretthalde omfanget på yrkesfaglege elevplassar i framlegget til skolebruksplanen, føreset det at skolane har ein aktiv rolle i formidling av elevar til læreplass i bedrift. Dei regionale formidlingskontaktane vil fortsatt vere sentrale i dette arbeidet.

Nye tilbud

Nye tilbud skal kvalitetssikrast av fylkesutdannings sjefen slik at dei er i samsvar med godkjende læreplaner og gjeldande dokumentasjonsordningar. Difor må søknadar om nye tilbud ligge føre i god tid før skolebruksplanprosessen tek til. Nye tilbud skal i utgangspunktet vere søkbare i tre påfølgjande skoleår. Dersom det ved tredje forsøk ikkje lukkast å etablere tilbodet vert det teken ut av tilbodsstrukturen.

Fræna vgs har søkt om å få starte opp eit tilbod med YSK/Akva og YSK/Helsefagarbeidar. Fylkesutdannings sjefen ønsker ikkje å legge til nye tilbud i arbeidet med skolebruksplan for 2020/2022.

Bakgrunnen er arbeidet som er planlagt i prosjektet «Omstilling av organisasjonen mot 2020» der mellom anna ei heilskapleg vurdering av skole- og tilbodsstrukturen blir eit sentralt tema.

I tillegg er den økonomiske stoda for fylkeskommunen slik at ein vil vente med å sette i gang nye kostbare tilbud no.

Gjermundnes vgs har søkt om å få starte opp Vg2 akvakultur.

Fylkesutdannings sjefen viser her til sak 11/18 om blått naturbruk på Nordmøre. Før ein gjer seg erfaringar med tilbodet her, ønsker ikkje fylkesutdannings sjefen å utvide tilbodet på blått naturbruk ytterligare. Elles gjeld same argumentasjon som for Fræna vgs.

Atterhald om utfordringar i økonomien til fylkeskommunen

Viser til sak T-34/19 om «Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2020-2023». Signala i saka tilseier at det vil kome krav om innsparingar som og kan få konsekvensar for denne planen.

Nokre av forslaga i planen er fremma på bakgrunn av desse signala. I tillegg kan det kome ytterlegare innsparingsforslag i den endelege saka om skolebruksplanen til Utdanningsutvalet i november 19.

Om tala i vedlagt tabell

Tabellen for skolebruksplanen 19/20 er tala for vedteken skolebruksplan brukt. Ved inntaket til skoleåret 19/20 er det gjort nokre kapasitetsjusteringar. Det er og gjort kapasitetsendringar i elevtalet ved mange skolar. Dette er ikkje teke med i tabellen for skoleåret 19/20, men tatt omsyn til i oppsettet til skoleåret 20/21.

I tabellen er yrkesfaglege tilbud som går ut etter ny yrkesfagleg struktur merka med rødt, tilbud som kjem som følge ny yrkesfagleg struktur er merka med ei *.

Samla klassetal og elevplassar er for skoleåret 20/21 redusert med om lag 10 klassar i høve vedteken skolebruksplan for skoleåret 19/20.

Årgangstal i perioden

Tala er henta frå «Grunnskolen Informasjonssystem» (GSI) der kommunane og private skolar skal legge inn faktiske tal på trinna 1-10 og frå tala som SSB legg fram. Tala viser at elevtalet i fylket samla sett vil gå noko ned i planperioden med det svakaste året i 2021/22 før det tek seg opp fram mot 2025.

Ved berekninga av tala for skolane er det og gjort eit overslag over kor mange av elevane i inntaksområdet som faktisk søker den enkelte skole.

Samla søkartal

Bustadregion	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2040
Nordmøre	768	688	690	699	719	690	704	644	667
Romsdal	937	956	894	902	880	912	923	844	848
Nordre-Sunnmøre	1247	1386	1331	1379	1415	1372	1471	1331	1323
Søre-Sunnmøre	711	719	686	653	706	737	765	628	664
Antatt tal søkarar utanom fylkeskommunale skolar	100	0	0	0	0	0	0	0	0
Totalt	3763	3748	3601	3633	3720	3711	3863	3447	3502

Søkartal, Nordmøre

Skole	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2040
Atlanten vidaregåande skole	173	159	160	163	172	163	171	142	153
Kristiansund vidaregåande skole	376	350	352	356	373	357	369	313	332
Sunnadal vidaregåande skole	103	68	85	72	75	70	69	85	74
Surnadal vidaregåande skule	95	90	71	95	79	83	76	83	88
Tingvoll vidaregåande skole	25	30	26	22	24	26	24	26	22
Totalt	772	697	695	708	723	700	709	649	668

Atlanten vgs

For skoleåret 2020/2021 er skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Kristiansund vgs

På Vg1 helse- og oppvekstfag er kapasiteten redusert til 5 klassar og 75 plassar.

På Vg2 er det lagt til eit tilbod med helseservicefag. Kapasiteten samla på Vg2 er justert tilsvarande.

For skoleåret 20/21 er Vg2 akvakultur er lagt til planen med ein halv klasse og 14 elevplassar.

Kapasiteten på Vg2 industriteknologi vert tilsvarande redusert med 1 klasse og 14 elevar.

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt. På Vg1 har frisør, blomstar og interiørdesign, Ikt og medieproduksjon og salg, service og reiseliv erstatta Vg1 design og handverk og service og samferdsel. Samla kapasitet er ikkje endra.

På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Sunnadal vgs

På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Surnadal vgs

Etter avtale med skolen er Vg1 bygg- og anleggsteknikk og Vg2 tømrarfaget tatt ut av planen.

Kapasiteten på Vg2 helsefagarbeidar og barne- og ungdomsarbeidar er justert etter inntaket til skoleåret 19/20.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Tingvoll vgs

På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

Skoleåret 19/20 er siste året skolen tilbyr utdanningsprogrammet medier og kommunikasjon (Vg3).

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Søkartal, Romsdal

Skole	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2040
Fannefjord vidaregåande skole	27	28	26	26	26	27	28	25	26
Fræna vidaregåande skole	128	118	129	128	123	121	115	113	106
Gjermundnes vidaregåande skule	44	45	43	42	44	45	45	39	38
Molde vidaregåande skole	227	240	220	218	221	223	239	215	226
Rauma vidaregåande skole	81	72	68	69	60	73	64	59	55
Romsdal vidaregåande skole	416	434	398	402	398	409	424	382	391
Totalt	923	937	883	886	873	898	914	832	841

Fannefjord vgs

For skoleåret 2020/2021 er skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Tilboda er lagt inn med elevkapasitet, men ikkje med klassar.

Talet på elevplassar er justert etter erfaringstal i inntaket.

Det er lagt inn ei linje som viser eventuelle kjøp av kommunale tenester mellom anna frå Tøndergård skole- og ressurscenter. Avtalen knytt til Tøndergård skole- og ressurscenter er samla på kjøp av inntil 10 plassar.

Fræna vgs

I sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur vart det foreslått å kome tilbake til ei samling av bygg- og anleggsteknikk i Romsdalsregionen til skolebruksplanen for 21/24.

Fylkesutdanningssjefen foreslår no likevel å samle bygg- anleggsteknikk i regionen til Romsdal vgs allereie frå skoleåret 2020/21. Bakgrunnen er at tilboda ved Fræna vgs både på Vg1 og Vg2 ikkje kom i gang til skoleåret 19/20.

Skoleåret 19/20 er siste året skolen tilbyr studiespesialisering med internasjonalisering (Vg3).

Frå skoleåret 20/21 er heile YSK-tilbodet i Romsdalsregionen lokalisert til Fræna vgs.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Gjermundnes vgs

Kapasiteten på Vg1 naturbruk er redusert til 1,5 klassar og 42 plassar.

Kapasiteten på Vg2 heste- og hovslagarfag og Vg2 landbruk og gartnarnæring er justert etter erfaringstal frå søkinga tidligare år.

På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Molde vgs

Kapasiteten på Vg2 medier og kommunikasjon og Vg2 kunst, arkitektur og design er justert ut i frå søknaden til skoleåret 2019/2020.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Rauma vgs

Vg2 kokk- og servitørfag er tatt inn i planen igjen for skoleåret 2020/2021.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Romsdal vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt. På vg1 har frisør , blomstar og interiørdesign, Ikt og medieproduksjon og salg, service og reiseliv erstatta Vg1 design og handverk og service og samferdsel. Samla kapasitet er ikkje endra.

På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

Det er kome ønske frå næringa om at Vg2 mur og betong og skal vere eit tilbod ved Romsdal vgs. Opplæringstilbodet innan Vg2 mur og betongfag vil først vere aktuelt for skoleåret 21/22. Vi har difor god tid til å vurdere om tilbodet også skal bli tilbydd på andre skolar enn det som blei vedtatt i sak Ud-5/19.

Dette vil avhenge av mellom anna søkinga til Vg1-tilbodet skoleåret 20/21 og dokumentert oversikt over tilgang på læreplassar.

Skoleåret 19/20 er siste året med YSK-tilbod ved skolen.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Søkartal, Nordre Sunnmøre

Skole	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2040
Borgund vidaregåande skole	388	436	427	425	443	445	469	431	428
Fagerlia vidaregåande skule	289	322	314	309	325	322	338	310	312
Haram vidaregåande skule	100	121	100	125	110	110	121	101	99
Spjelkavik vidaregåande skole	171	195	191	189	192	196	206	192	192
Stranda vidaregåande skule	67	59	58	64	71	54	59	44	50
Sykkylven vidaregåande skule	78	77	59	88	73	75	79	65	55
Ålesund vidaregåande skole	225	250	247	242	261	243	270	251	248
Totalt	1318	1459	1396	1443	1475	1446	1542	1395	1385

Borgund vgs

Det er lagt til eit tilbod på Vg1 design og tradisjonshandverk. Kapasiteten på Vg1 helse og oppvekstfag er justert tilsvarende.

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt. På Vg1 har frisør , blomstar og interiørdesign erstatta Vg1 design og handverk. Samla kapasitet er ikkje endra. På Vg2 er føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med endringar frå skoleåret 2021/2022. Samla kapasitet er ikkje endra.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Fagerlia vgs

Frå skoleåret 2020/2021 er Vg1 teknikk og industriell produksjon og Vg2 maritime fag flytta frå Ålesund vgs til Fagerlia vgs. Kapasiteten er ikkje endra.

Skolen ønsker at Vg2 kjemi og prosess skal vere søkbart frå skoleåret

20/21. Fylkesutdanningssjefen vil gå i dialog med skolen og næringa om grunnlaget for å starte opp tilbodet frå hausten 2021. Søkinga til Vg1 teknikk og industriell produksjon og ein dokumentert tilgang på læreplassar vil vere avgjerande for ein eventuell oppstart av tilbodet på Sunnmøre frå hausten 21.

Det har vore dialog mellom Ålesund vgs og Fagerlia vgs om tidspunkt for flytting av naturbrukstilbodet. Skolane er einige om at tidligaste tidspunkt for flytting er frå skoleåret 21/22. Tilbodet ligg i planen fortsatt på Ålesund vgs.

Det blir teke atterhald om oppstart av Vg2 ambulansfag der det kan kome endringar i opplæringsløpet.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Haram vgs

Med bakgrunn i søkartala dei siste åra er Vg2 kulde- og varmeteknikk er tatt ut av planen.

For skoleåret 2020/2021 er skolebruksplanen elles for 2019/2020 vidareført.

Spjelkavik vgs

Kapasiteten på Vg2 og Vg3 Studiespesialisering er justert etter inntaket.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Stranda vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt med at Vg2 kokk- og servitørfag er erstatta med Vg2 kjøtt- og næringsmiddelindustriefag. Kapasiteten er ikkje endra.

For skoleåret 2020/2021 er skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Sykkylven vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt.

Kapasiteten på studiespesialisering er sett i samanheng med Vg1 og Vg2 elektrofag, studiespesialisering, 3. årig. Samla kapasitet er ikkje endra.

Kapasiteten på Vg2 studiespesialisering er justert etter inntaket til skoleåret 19/20.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Ålesund vgs

Tilbodet på Vg1 studiespesialisering med entreprenørskap og bedriftsutvikling er foreslått tatt ut av planen. Elevane som er tekne inn på tilbodet vil få fullføre utdanninga si.

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgd. Vg1 og Vg2 tilboda på teknikk og industriell produksjon er flytta til Fagerlia vgs. Vg2 transport og logistikk er flytta til Borgund vgs frå skoleåret 2021/2022. Det har vore dialog mellom Ålesund vgs og Fagerlia vgs om tidspunkt for flytting av naturbrukstilbodet. Skolane er einige om at tidligaste tidspunkt for flytting er frå skoleåret 21/22. Tilbodet ligg i planen fortsatt på Ålesund vgs.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Søkartal, Søre Sunnmøre

Skole	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2030	2040
Herøy vidaregåande skule	93	98	89	82	92	90	91	83	79
Herøy vidaregåande skule, avd Vanylven	25	23	19	13	15	24	16	14	13
Ulstein vidaregåande skule	214	228	220	196	208	211	228	197	201
Volda vidaregåande skule	163	157	152	154	170	174	182	140	159
Ørsta vidaregåande skule	155	150	148	150	164	170	182	137	156
Totalt	650	655	627	595	649	668	698	571	607

Herøy vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgd. Vg1 bygg- og anlegg er flytta til Ørsta vgs frå skoleåret 2020/2021, Vg2 tømrarfaget er flytta til Ørsta vgs frå 2021/2022.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Herøy vgs, avd. Vanylven

Fylkesutdanningssjefen foreslo i sak (UD-39/18) å legge ned Herøy vgs avd. Vanylven frå skoleåret 2019/2020. Utdanningsutvalet vedtok i saka at tilboda ved avd. Vanylven v/ Herøy vgs skulle vere søkbare til skuleåret 2019/20. Søkinga våren 2019 gjorde at 2 tilbod kom i gang hausten 2019. (Ein halv klasse Vg1 studiespesialisering og 1 klasse Vg1 teknikk og industriell produksjon.)

Fylkesutdanningssjefen skreiv i saksdokumenta til sak UD-39/18 om utfordringane med å gje eit tilfredstillande opplæringstilbod til elevane. Denne vurderinga er den same no. Det er laga ein samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune slik at dei elevane som ønsker det, kan sikrast plass på ein skole i nabofylket i sør. Mange av elevane i frå den sørlege delen av kommunen ser ut til å nytte seg av denne moglegheita.

Med bakgrunn i låge søkartal, vanskar med å erstatte kompetansen til lærarar som sluttar av ulike årsaker og dei økonomiske utfordringane avdelinga får med å drive med eit så smalt tilbod, forslår fylkesutdanningssjefen å ikkje starte opp tilbod ved avdelinga frå skoleåret 2020/ 2021.

Ulstein vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgd.

Samla kapasitet på vg1 ved skolen er auka med 1 klasse og 15 elevar. Viser til punkt 4 i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur at utdanningsprogrammet IKT og medieproduksjon også skal vere eit tilbod på Ulstein vgs.

For skoleåret 19/20 er skolebruksplanen for 18/19 vidareført. Kapasiteten på Vg1 og Vg2 Service og samferdsel er justert etter søkinga til skoleåret 18/19. Kapasiteten på Vg4 påbygg etter yrkeskompetanse er justert til 1 klasse og 28 plasser.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Volda vgs

For skoleåret 2020/2021 er skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Ørsta vgs

Føringane i vedtaket i sak Ud-5/19 om ny yrkesfagleg struktur er følgt.

Vg1 restaurant- og matfag er flytta til Herøy vgs frå skoleåret 2020/2021, Vg2 kokk- og servitørfaget er flytta til Herøy vgs frå 2021/2022.

For skoleåret 2020/2021 er elles skolebruksplanen for 2019/2020 vidareført.

Med helsing

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Geir Løkhaug
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur